

Fra: Korbøl Auen
Sendt: 13. juni 2014 08:47
Til: 'fmsfpost@fylkesmannen.no'; 'postmottak.sentraladm@sfj.no'; 'post@aurland.kommune.no'; 'post@vik.kommune.no'; 'postmottak@balestrand.kommune.no'; 'postmottak@hoyanger.kommune.no'; 'thorjak@live.com'; 'l-hjelme@online.no'; 'aurland.turlag@hotmail.com'; 'mail@daniellongfellow.com'; 'sogturla@online.no'; 'vikturlag@hotmail.com'; 'post@aev.no'; 'post@sognekraft.no'; 'BKK Nett AS'; 'post@frifo.no'; 'elisabeth@fnf-nett.no'; 'fmsfES@fylkesmannen.no'; 'ldar.Sagen@sfj.no'; 'rono@online.no'
Kopi: 'harald.skjerdal@alb.no'; 'Bård Moberg'; 'geir@au-rekn.no'; 'line_turvoll@live.no'; 'dit@scanergy.no'; 'post@scanergy.no'; 'post@sognekraft.no'; 'jacob.hornnes@sognekraft.no'; 'kare.fosse@sognekraft.no'; 'martin.vangdal@smaakraft.no'; 'gtskahjem67@yahoo.no'; 'olav.helvig@smaakraftverk.net'; 'maria.dahl@nordkraft.no'; 'Riisnes Arne Andreas'; Fagerheim Siri Merethe; Liebig-Larsen Helen Nathalie
Emne: Oppstart av behandling av småkraftsøknader i Aurland, Vik, Balestrand og Høyanger
Vedlegg: Kraftpakke Sognefjorden.pdf

Oppstart av behandling av småkraftsøknader i Aurland, Vik, Balestrand og Høyanger kommunar

NVE har starta med nye sakshandsamingsrutinar der vi i langt større grad handsamar søknadar samla innanfor geografisk avgrensa områder. Denne tilnærminga vil gi både NVE og høyringsinstansane moglegheit til å vurdere større områder i heilskap, bidra til at det er dei gode prosjekta i eit område som får konsesjon og at viktige miljøverdiar kan vurderast i ein større samanheng. Meir informasjon om NVE sine nye sakshandsamingsrutinar finn de på www.nve.no/smaakraft.

Under følger informasjon til søkarar og sentrale høyringspartar om sakshandsaming og framdrift i prosessen. Vi ber òg områdekonsesjonær om å gi ei samla vurdering av nettkapasiteten.

På grunnlag av dei nye sakshandsamingsrutinane er vi nå i oppstartsfase for handsaming av søknader om å bygge 11 småkraftverk i Aurland, Vik, Balestrand og Høyanger kommunar. Dei planlagde prosjekta er:

Kommune	Link til saka	Søklar	Kraftverk	GWh	MW
AURLAND	6137	Skjerdalskraft AS	Skjerdal kraftverk	20,20	7,10
AURLAND	6626	Kvammadalselvi kraftverk SUS	Kvammadalselvi kraftverk	14,00	5,10
VIK	4796	Grunneigara	Tura småkraftverk	5,20	1,50
VIK	6300	Norsk Småkraftverk AS	TVK kraftverk	17,10	5,49
BALESTRAND	5186	Sognekraft AS	Kråkeelvi kraftverk	19,00	4,98
BALESTRAND	5813	Sognekraft AS	Brekka kraftverk	12,53	4,40
HØYANGER	7320	Småkraft AS	Vassdalselva kraftverk	13,90	5,40
HØYANGER	5988	Dyrdal Kraft AS	Dyrdalselva kraftverk	11,20	3,85
HØYANGER	6647	Norges Småkraftverk AS	Kråkelva kraftverk	16,00	5,40
HØYANGER	7282	Nordkraft Vind og Småkraft AS	Storelva kraftverk	8,75	3,30
HØYANGER	6103	BKK Produksjon	Tverrvatnet kraftverk	10,50	3,30

De kan finne meir informasjon om dei einskilde kraftverka på NVE Atlas, <http://atlas.nve.no/ge/Viewer.aspx?Site=NVEAtlas> (nve.no – vann og vassdrag – kart og karttjenester – NVE Atlas). Det ligg òg eit kart på kvart prosjekt si saksside på www.nve.no/vannkraft.

Viss de ønskjer å sjå på søknadsutkasta no før dei vert offentleggjort i samband med høyring eller har spørsmål til søknadane kan de ta kontakt med oss eller søklar. Vi gjer oppmerksam på at denne pakken mest sannsynleg vil vere

på høyring i løpet av vinteren og dersom høyringspartane vil synfare prosjektet/a før dei kjem med fråsegn så må dei synfare før sakene er på offentleg høyring.

Vidare framdrift

NVE jobbar nå med å kontrollere at søknadane inneheld tilstrekkelege opplysningar slik at desse kan sendast på offentleg høyring. Vi ser for oss følgjande framdriftsplan:

- Vinter 2014/15: NVE sender sakene samla på offentlig høyring. NVE tilbyr kommunane å halde folkemøte/offentleg informasjonsmøte i denne perioden dersom kommunen ønskjer det.
- Barmarksesongen 2015: NVE vil synfare planområda i løpet av våren/hausten 2014. Alle som har uttalt seg til sakene blir invitert til å delta.

Dei søknadene som ikkje innan gitte fristar har ein akseptabel kvalitet, vil bli tatt ut av pakka og blir handsama på eit seinare tidspunkt.

Informasjon til områdekonsesjonær

Vi ber om at områdekonsesjonær gir ei vurdering av om det er tilgjengeleg nettkapasitet for tilknyting av desse kraftverka. I tråd med gjeldande praksis, kan nettilknyting til distribusjonsnettet skje i medhald av områdekonsesjon. Dersom eitt eller fleire småkraftverk utløyser behov for forsterkningar i regional eller sentralnettet, må det aktuelle nettselskapet leggje fram søknad om nødvendige konsesjonar slik at desse kraftverka får nettilgong, eventuelt søke om fritak for tilknytingsplikta, jf. § 3-4 i energilova og 3-4 i energilovsforskrifta. Områdekonsesjonær har eit ansvar for å ha oversikt i sitt område og gi riktig innspel til overordna nettselskap for vidare nettplanlegging og eventuelle søknader.

Mvh,

Siri Merethe Fagerheim

avdelingsingeniør

Konsesjonsavdelinga

Seksjon for småkraftverk (KSK)

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon 09575 eller direkte 22959175

E-post nve@nve.no eller direkte smf@nve.no

Web: www.nve.no